

26
Um heilag Olav

Tone: Tillags aat alle

- 1) Um heilag Olav den norrigs konge
vert aller sagt aa formykje songje
Skal nokon minnast aa vyrdast paa
i fyrsta rekkja stend Olav daa
- 2) Den ljose andi, den friske hugen
det djerne motet, den svære dugen
den rettfærdskjensla i klaare drag
det trauste aalvor paa kampens dag
- 3) Den samlingstanken so i han budde
den sigervoni so paa han trudde
den nøgd aa tolmod aa hjartesut
aa gjera det som var rett for Gud
- 4) Den kjærleikselden so i han lögde
den dyra kjendsla at han seg tögde
so langt so raad aa gjera vel
den største hugnad for kvar ei sjel
- 5) Ja soleis var no han Olav sinna
aa slike menner kan mukje vinna
Uhyre mykje han Olav van
som brenn aa logar i Norges land
- 6) Naar Olavs-tankjen fekk bu aa væra
i hjarto vore aa dar fekk gjera
eg meiner dar maatte verta eld
so loga vent paa ein Olsokkveld
- 7) Haarfagre Harald var den so byrja
aa etter honom har mange syrja
for fridom, norskdom for log aa rett
men lengst av alle har Olav sett
- 8) Er heilag Olav no fremst i rekkja
me Olavs billed i raama sekkja
aa Olavsdagen maa helgast so
at Olavsyrkje maa veksa – gro
- 9) No heilag Olav me støtt vil minnast
aa Olavs-hugen i os maa finnast
som kristmenn minnet i hug aa sinn
med kraft aa varme maa sviast inn

10) Aa Olavs-tankjen maa ingjen gløyma
som korsmenn hev me den tru aa gjøyma
som hyggjar saali aa skaper fred
aa gled os naar me legg staven ned

11) Den store tankjen at kvar skal læra
aa fremja sanning aa rettferd gjera
at log aa reglar maa skipast so
so dug aa trivsel blant folk vil gro

12) Tenk Olavsdagen vert gild aa feira
er midt um sumar somykje meira
med grunn me kveikja kan olsokeld
so loga klaart ifraa fjell til fjell

13) Det hjarteordet det skal du merkja
det er det stora, det djupa, sterka
som kristmenn, krossmenn fram alle mann
fram kvar som elskar sitt folk aa land

14) Takk Olav, takk for ditt stora yrkje
ja mange takk ifraa stat aa kyrkja
fraa smaa aa store, fraa læk aa lærd
Gud gjev deg lønni som du var verd.